

Den kløyvde steinen på Vardehaugen

08.04.2012



Går du på ski innover Hauglandsfjellet, kjem du til Vardehaugen,

**eit vegskil der du anten går vidare mot Tverrfjell/ Gråfjell eller
du legg turen ned inst inne i Botnane. Her finn du den kløyvde steinen,
eit naturfenomen godt synleg i lende**

Ein stor stein er kløyvd i to deler som ein bite i eit puslespel.

Legg du bitane saman, vil det skapa eit heilskap.

Kan det vera ei flyttblokk som ligg att etter den tida då isen trekte seg
tilbake for 8 - 10000 år sidan og la att sidemorener og store steinblokker

Frosten og store temperaturvariasjonar har sprengt blokka i to.

Blokka ligg i den merka turstien. Sjå på steinen neste gong du går framom.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal